

Saksbehandlar: Øyvind Lyslo, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/4356-2

## Samarbeidsavtale om distriktsmusikarordninga

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Revidert samarbeidsavtale om distriktsmusikarordninga med kommunane Førde, Gloppen, Leikanger og Lærdal vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg 1.

### **Vedlegg:**

1. Samarbeidsavtale om distriktsmusikarordninga 2019-2024

### **Andre relevante dokument i saka:**

HK-sak 40/04, 15/06, 54/12 og 38/13

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen har samarbeidsavtale med vertskommunane for distriktsmusikarordninga som regulerer tilskot og fastset innhaldet i ordninga, jf. HK-sak 40/04. Ved omorganiseringa av fylkesmusikarordninga har det, i samsvar med vedtak i HK-sak 54/12 og 38/13, vorte oppretta 5 nye distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt i kommunane. Dette har resultert i at det er oppretta stillingar i Førde (2), Gloppen (1), Leikanger (1) og Lærdal (1).

Endringane medfører at distriktsmusikarordninga i fylket no omfattar 20 stillingar, og 5 av desse har folkemusikk som arbeidsfelt. Dette, saman med endringar i samhandlinga med tidlegere Rikskonsertane, no Kulturtanken, utløyser eit behov for å justere samarbeidsavtalen.

Fylkeskommunen har hatt dialog med vertskommunane om avtaleteksten og justeringane, og det er semje om vedlagte avtaletekst.

### **2. Utvikling av ordninga**

Distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane vart oppretta i 1987 med vertskommunane Gloppen, Høyanger og Sogndal. Rikskonsertane dekkja kostnadene med delar av stillingane.

Fylkeskommunen hadde ansvaret for administrering av utøvardelen av stillingane. I tillegg til 50% utøving, har stillingane ein undervisningsdel på 50%, for det meste knytt til kulturskulane. I Gloppen har deler av undervisninga vore knytt til musikklinja ved Firda vidaregåande skule.

I 1988 kom Førde kommune med i ordninga, men utan avtale om gjennomføring av skulekonsertar med Rikskonsertane.

I 1989 vart fylkesmusikarordninga med folkemusikkstillingar i fylkeskommunen etablert som eit 3-årig forsøk med stønad frå Norsk Kulturråd. Stillingssinnhaldet var det same som for distrikts-

musikarane, med 50% utøving og 50% undervisning. Undervisningsdelen var m.a. knytt til sal av tenester til kulturskulane, i tillegg til det frivilige musikklivet.

Rikskonsertane trekte seg i 1992 frå det direkte samarbeidet om distriktsmusikarordninga (20% tilskot pr. stilling) og delegerte ansvaret for gjennomføring av skulekonsertane til fylkeskommunen. Vertskommunane overtok ansvaret for administrasjonen av utøvardelen. Fylkesmusikarordninga vart vedteken vidareført som permanent ordning.

Ny samarbeidsavtale om distriktsmusikarordninga vart inngått mellom fylkeskommunen og vertskommunane i 1996, og fornya i 2004, medan Høyanger kommune trekte seg ut av ordninga dette året, jf. HK-sak 40/04. I løpet av 2005-2006 oppretta Førde kommune to nye distriktsmusikarstillingar, og Gloppen ei ny stilling.

I perioden 2010-2013 vart det arbeidd med evaluering av fylkesmusikarordninga (HK-sak 34/10), og det vart nedsett ei arbeidsgruppe som skulle vurdere alternative modellar for vidareføring. Det vart vedteke å omorganisere stillingane til distriktsmusikarstillingar (HK-sak 54/12). Fylkeskommunen vedtok ein framdriftsplan for omorganiseringa av fylkesmusikarordninga til distriktsmusikarstillingar (HK-sak 38/13). Omorganiseringa vart sett på vent i samband med ei avklaring i høve innsparingane som fylkeskommunen måtte gjennomgå i samband med endringar i rammetilskotet.

I 2017 vart det så teke nytt initiativ overfor kommunane der dei vart invitert til å melde si interesse for oppretting av nye distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt. Lærdal og Leikanger oppretta kvar si stilling i 2018 (trekkspel og hardingfele).

Førde kommune vedtok i budsjettet for 2018 å opprette 2 nye distriktsmusikarstillingar (hardingfele og trekkspel) og Gloppen kommune vedtok oppretting av 1 ny stilling (vokal folkemusikk). Omorganiseringa av fylkesmusikarordninga er med dette sluttført, og det er oppretta 5 nye distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt og vertskommunane som arbeidsgjevar. Dette som erstatning for tilsvarande tal fylkeskommunale stillingar.

### **3. Vurdering**

Distriktsmusikarordninga og fylkesmusikarordninga har vore forankra i fylkeskommunen sitt planverk i heile perioden, no sist i «Kultur for alle» - regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027. Musikarordningane har vore og er ein viktig ressurs for både det profesjonelle og det frivillige musikklivet, i tillegg til at det vert produsert konsertar for breie og samansette målgrupper, t.d. i innan det frivillige musikklivet, Opera Nordfjord, Den kulturelle skulesekken, Sogn og Fjordane symfoniorkester, Gloppen Musikkfest, Sogn og Fjordane Teater, med fleire.

Når desse ordningane no vert samanslegne, representerer dette eit stort steg for musikklivet i Sogn og Fjordane. Ei samanslåinga av klassiske musikarar og folkemusikarar i ei og same musikarordning er også særmerkt på nasjonalt nivå, og representerer den største endringa innan dei to musikarordningane i fylket sidan dei vart oppretta i høvesvis 1987 og 1989. Denne utvidinga skapar heilt nye konstallasjonar for samarbeid på tvers av sjangrar. Ved denne omlegginga sikrar ein at tradisjonsmusikken vert teken vare på samstundes med at ein sikrar høg kvalitet og fremjar potensialet for vidareutvikling. I tillegg vert det lagt eit godt grunnlag for utvikling av nye og sjangerovergripande produksjonar, t.d. innan Den kulturelle skulesekken.

Fylkeskommunen og kommunane i Sogn og Fjordane har lagt større vekt på å utvikle denne typen samarbeid enn t.d. i Hordaland. Dette handlar også om å finne og utvikle modellar for å rekruttere og stabilisere faglege ressursar som er med og løftar kvaliteten i det samla kultur-tilbodet i fylket. Vestland fylkeskommune vil såleis få tyngda av denne typen satsing i vår del av det nye fylket.

Det er også meir naturleg at denne typen stillingar vert knytt til kommunane, då ein stor del av innhaldet i stillingane er knytt til undervisning i dei kommunale kulturskulane, inkl. sal av tenester til det lokale musikklivet. Stillingane får med dette grepet ei meir naturleg plassering.

Avtalen vert justert i ei tid der strukturane (og dermed avtalepartane) er i endring. Justeringane har naudsynt forståing og forankring også i dei nye strukturane som vert etablert f.o.m. 2020.

Kommunane har frist til 1.juli 2019 med endeleg tilbakemelding og formell godkjenning av den justerte avtaleteksten.

#### **4. Økonomiske konsekvensar**

Endringane som no vert gjort, vart som sagt over sett på vent i 2013 med tanke på dei økonomiske utfordringane i fylkeskommunen. Etter at fylkestinget hadde gjort sine naudsynte vedtak om innsparingar, vart arbeidet med omorganisering av fylkesmusikarordninga tatt opp att innan dei rammene som då vart lagt.

Som det framgår av modellen for ordninga, og tidlegare vedtak, omfattar samarbeidsavtalen tilskot til kvar distriktsmusikarstillinga på 25%, eller halvparten av utøvardelen. Kommunane dekkjer 75% av kostnadane (heile undervisningsdelen av stillinga, og halve utøvardelen).

Det fylkeskommunale tilskotet er dekkja innan eksisterande økonomiske rammer i budsjett og økonomiplanen på om lag 4 mill. kroner årleg, jf programområde 771 kunstformidling.

#### **5. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at den justerte samarbeidsavtalen om distriktsmusikarordninga med vertskommunane Gloppen, Førde, Leikanger og Lærdal vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.